



Reknes Byggjevarer LI  
Masfjordvegen 187  
5986 HOSTELAND

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/5226 - 21/25572

Saksbehandlar:  
Knut Bjørnevoll  
knut.bjornevoll@alver.kommune.no

Dato:  
15.04.2021

Ferdigattest tomannsbustad nr 1 og utomhusareal - gbnr 134/263  
Hilland

**Administrativt vedtak:** Saknr: 476/21  
**Tiltakshavar:** Reknes Eiendom AS  
**Ansvarleg søkjar:** Reknes Byggjevarer LI  
**Søknadstype:** Søknad om ferdigattest

**VEDTAK:**

**Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10 vert det gjeve ferdigattest for tomannsbustad nr 1 og utomhusarealet på gbnr 134/263. Bygningen eller delar av den må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.**

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert

19.01.2012  
17.12.2013  
05.12.2014  
20.02.2015  
og 10.11.2020.

For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

Det vert elles vist til søknad motteken 23.03.2021.

### Skildring

Adresse:	Radøyvegen 49A
Bygningstiltak:	Tomannsbustad
Bygningsnummer:	300281530
Bruksareal:	Seksj. 1 - 147m <sup>2</sup> . Seksj .2 – 92 m <sup>2</sup>
Avløp:	Offentleg
Vatn:	Offentleg
Tal på røykløp:	0 – vassboren varme

### Regelverk

- Krav om sluttkontroll og ferdigattest følgjer av plan- og bygningslova (pbl) § 21-10.
- Viss du skal endre bruken av bygningen krev dette søknad, jf. pbl § 20-1 bokstav d).

### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/5226

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Marianne Aadland Sandvik  
Avdelingsleiar

Knut Bjørnevoll  
Ingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### Kopi til:

Reknes Eiendom AS

Masfjordvegen 5986  
187

HOSTELAND

**Mottakarar:**  
Reknes Byggjevarer LI

Masfjordvegen 5986  
187

HOSTELAND